Referat frå møte i Fresvik sokneråd sundag 14.februar 2021

Møtet vart halde på på Biblioteket i skulen kl 11.00. (Oppsett gudsteneste i kyrkja til same tid, vart avlyst grunna kulde og utfordringar med å få varma kyrkja godt nok opp.)

Tilstade: Rolf Olsen, Bente Settevik, prest Rasmus C.B. Rustad, Frode Høgberg (1.vara) og Marianne Bøthun.

Forfall: Geir Ove Bøthun.

Sak 20/ 20 Innkalling og sakliste for møtet er sendt ut via e-post som saker me må ta opp v/ prest Rasmus. Referat frå møte i soknerådet 5.nov 2020 blir sendt ut seinare. Underteikna orsakar at dette ikkje er gjort.

Sak 21/20 Diskutert avvikling av årsmøte for 2019 (etterslep pga. utsetting) og 2020. Gjort vedtak om å prøve avvikle årsmøtet 14.mars etter gudstenesta. Om covid-19 restriksjonar skulle gjera det naudsynt å avlyse enno ein gong, kan ein alternativt setje årsmelding/rekneskap inn i Bygdenytt og/eller i Helsing frå kyrkja. Marianne sjekkar med Anita Høydal som tidlegare leiar om framlegging av årsmelding for 2019 og Sigmund Hauglum om dertil rekneskap.

Sak 22/ 20 Det skal setjast ned eit gudstenesteutval med 1 representant frå kvart sokn for å arbeide med justering av lokal grunnordning og liturgisk musikk for kyrkjene. Det blir 1-2 møter dette året. Soknerådet ser at fornying er viktig, samstundes som at soknelyden må kunne kjenne seg igjen i innhald og utføring. Gjort vedtak om at Marianne stiller i utvalet.

Sak 23/20 Gjort vedtak om kven som skal vere kyrkjevertar samt etter litt diskusjon kven offer skal gå til, for komande gudstenester:

14.mars: Kyrkjevertar Marianne og Bente. Offer til Kirkens Bymisjon.

4.april: Kyrkjevertar Rolf og Frode. Offer til Kirkens Nødhjelp.

15.mai: Kyrkjevertar Geir Ove og Marianne. Offer til Kirkens SOS.

20.juni: Kyrkjevertar Frode Høgberg og Rolf. Offer til Fresvik Kyrkje og soknet.

Sak 24/ 20 Konstituering av soknerådet. Val av leiar og nestleiar for år 2021. Gjort vedtak om at Marianne held fram som leiar med Forde Høgberg som nestleiar.

Sak 25/20 Konfirmasjon er i år lagt til 15.mai for Fresvik. Covid-19 situasjonen medfører at ein no har høve til å utsetje konfirmasjonen til hausten 2021. Det er berre 1 konfirmant i Fresvik. Gjort vedtak om at me sjekkar med dei kva som er ynskjeleg.

Ymse: Fasteaksjonen også i år blir digital. Me får nærare informasjon frå kyrkjekontoret om dette.

Marianne orientert litt om framhald i arbeidet med minnelund. Fresvik Sogelag har gitt Norconsult oppdrag om å utarbeide ein enkel plan og vil dekke utgiftene med planarbeidet.

Diskutert litt kva som kan vere aktuelt å få til også i Fresvik av kyrkjelydsarbeid i soknet. Prest Rasmus tek gjerne turen til Fresvik for å bidra noko både me og bygdefolket set pris på 😊 Då det er fleire spedbarnsforeldre i bygda no, kan babysong vere aktuelt. Ein kan også prøve gjere meir ut av gudstenestene ved å involvere evt. skulen eller andre, like eins få til litt sosial «happening» som under dugnaden før 17.mai når folk er flinke til å stille opp. Det kan også i år vere aktuelt med kyrkjekonsert under Fres`n om det blir festival. Me bør ellers prøve å utfordre og innlemme også tilflyttarar i soknerådsarbeid og dertil aktivitetar. Kafèen kan vere ein grei stad for ymse aktivitetar. Open kyrkje kan vere aktuelt, men nokon må i såfall vere ansvarleg for dette. Soknerådsleiar ynskjer ikkje dette ansvaret ut i frå tidlegare erfaringar både m.o.t. nøklar o.a.

Soknerådet i Fresvik må bli flinkare til også å halde presten orientert om kva som skjer i Fresvik, også m.o.t. interne arrangement som julekonserten.

Referent: Marianne Bøthun